

Spørsmål frå Trude Brosvik (KRF)

Representanten **Trude Brosvik (KRF)** har stilt følgjande spørsmål:

- a) I budsjettsaka står det at takstane for kollektiv er auka med 2,5%. Når ein ser på forslaga, så er det gjennomgåande større auke på barnebilettar. Har det samanheng med at denne gruppa har hatt større rabatt før enn dei 50% som er vanleg?
- b) Kan MVA-kompensasjon for innkjøp omdisponerast frå tiltaket som har gitt "inntekta" til td anna vedlikehald? Kan det flyttast frå investering til drift? (Eg reknar ikkje med bompengepakkane, der det truleg inngår i ein avtale)
- c) I Sogn og Fjordane har det vore nytta midlar til Sørvisskyss. kor mykje ligg det til denne ordninga i budsjettet? Vidareføring?
Somme stader har denne ordninga erstatta vanleg ruteproduksjon med låg bruk. Kan det vere eit innsparingspotensiale i at sørvisskyss-ordninga blir innført også i tidlegare Hordaland?
- d) Fylket budsjetterer med utgifter på 3,1 mill til innfartsparkering. Kor sensitiv vil denne ordninga vere for betaling? Td ein dag=ein time? Eller vil innkreving koste så mykje at det ikkje løner seg totalt sett?

Svar frå påtroppende fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport

Spørsmål a)

I Hordaland har ein hatt takstfrys og gitt ein større rabatt på barnebillett enn norma på 50% rabatt.

Kollektiveininga bør operere med kundekategoriar og spesifikasjoner i samsvar med etablert bransjepraksis og med sikte på nasjonal harmonisering. Kollektiveininga bør fylgja den landsomfattande sosiale rabattordninga med 50 prosent rabatt

Spørsmål b)

I driftsrekneskapen blir mva-kompensasjon inntektsført på same staden som utgifta som gir opphav til kompensasjonen. Rekneskapen viser dermed netto utgift, eksklusive mva.

I investeringsrekneskapen blir all mva-kompensasjon ført samla til finansiering av investeringar. Ein kan ikkje flytte mva-kompensasjon frå investeringar over til drift.

Spørsmål c)

Det er lagt opp til vidareføring av dagens tilbod i budsjettet. Det er sett av 3,2 mill kr til dette i 2020.

Tidleg i 2020 vil bestillingstransportløysinga HentMeg starte opp i Odda som ein pilot. Lokale linjer vert erstatta av dette tilbodet og dagens operatør vil halde fram innafor rammene av dagens produksjon.

Spørsmål d)

Budsjettsummen på 3,1 mill kr til innfartsparkering går hovudsakleg til å dekka leigekostnader for innfartsparkeringsplassar som fylkeskommunen ikkje eig sjølv. Resten av budsjettmidlane går til vidare utbyggjing av innfartsparkeringsplassar. Det er oblatordning på 10 plassar i Bergen/Os/Fjell. På nokre plassar som har hatt mange ledige parkeringsplassar, er det innført parkeringsavgift (30 kroner for 20 timer), med betalingsterminal. Dette kan nyttast av andre (føresett kollektivreisande) som ikkje har periodeskyss-billett, og difor ikkje rett på oblat. Røynslene med dette er at svært få nyttar seg av det. Ein kan difor stilla spørsmål om kor stor betalingsvilje det er til å betala for innfartsparkering. Dei fleste plassane med oblatordning har god fyllingsgrad.